

---

Vår referanse 2020/47509-2  
Dato 30.04.2020

---

ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Att. Øystein Hafnor Kolstad

## Kulturminnefagleg fråsegn - Landbruksveg - Våge - gnr. 99, bnr. 4 og gnr. 99 bnr. 1 - Alver kommune

Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

### Sakshistorikk

Hordaland fylkeskommunen fekk søknad om dispensasjon frå plan- og bygningslova til uttale frå Lindås kommune, den 03.10.2016, me hadde på det tidspunktet ingen merknader til saka.

#### *Innmelding av mogleg skålgrop på gnr. 99, bnr. 4*

I forbindelse med innmelding av ei mogleg skålgrop på gnr. 99, bnr. 4, gjennomførte Hordaland fylkeskommune saman med Universitetsmuseet i Bergen ei synfaring på eigedomen den 08.08.18. Universitetsmuseet i Bergen og Hordaland fylkeskommune, si vurdering etter synfaring var at den moglege skålgropa på gnr. 99, bnr.4 er naturleg.

#### *Innmelding av arkeologiske funn på gnr. 99, bnr. 1*

Hordaland fylkeskommune fekk melding den 07.08.2018 om moglege arkeologiske funn på gnr. 99 bnr. 1, Fylkeskonservatoren innhenta funna den 09.08.2018. Det blei opplyst om at funna er gjort på hovudtunet blant anna under arbeid i grønsakshagen og i tilknytning til opparbeiding av eksisterande biloppstillingsplass, begge i nærleiken av tidlegare omsøkte veg (Lindås kommune sitt saksnr: 16/1342).

Funna som er diagnostiske er klassifisert til ulike arkeologiske periodar.

På bakgrunn av innmeldte arkeologiske lausfunn blei Lindås kommune den 15.08.2018 informert om at Fylkeskonservatoren ynskte saka oversendt slik at me kunne gje vårt fråsegn i saka, I samband med vår sakshandsaming blei det utført ei kulturhistorisk synfaring på gnr. 99, bnr. 1 den 18.09.2018, dette for å avgjere om den då omsøkte vegen kan råke hittil ukjende automatisk freda kulturminne. Dei innleverte funna indikerer at det er potensial for å gjere funn av hittil ukjende automatisk freda kulturminne i det aktuelle området. Dette kan til dømes vere graver utan overflatemarkering, busetnadsspor, spor etter jernframstilling, eller anna.

### Kulturminnefagleg fråsegn

Vi viser til Dykkar brev av 08.04.2020 med vedlegg. Saka gjeld bygging av landbruksveg på Våge i Alver kommune. Innsende vedlegg i saka viser at traseen til vegen no er endra i forhold til tidlegare innsendte situasjonsplan.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med den omsøkte vegen. Like nord for den omsøkte vegen ligg eit arkeologisk minne med Askeladden id. 244087, men potensialet for funn av automatisk freda kulturminne i det aktuelle området der vegen er omsøkt vart likevel vurdert å vera lågt. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søkjer å unngå inngrep i/skade på kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn.

Med helsing

Inger Lena Gåsemyr  
fagleiar arealplan

Sigrun Wølstad  
seniorrådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift*